

Fra: Brekke Margareth <Margareth.Brekke@bkk.no>
Sendt: 5. mai 2015 07:57
Til: Ola Klyve Dalland
Emne: Innspel og merknader frå Inger og Hjalmar Brekke, Kari Knutslien
Vedlegg: Innspel og merknader til Varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet sentrum.docx

Også sendt med posten, der underskriftene er med.

Vennlig hilsen

Margareth Brekke

Rådgiver - IT

BKK AS | Postboks 7050, 5020 Bergen | T: +47 55127567 | M: +47 90663108 | www.bkk.no

Fra: Brekke Margareth
Sendt: 4. mai 2015 12:35
Til: 'Ola Klyve Dalland'
Emne: SV: Ber om utsetjing av frist for merknader

Hei.

Brev med innspel og merknader frå [Hjalmar Brekke og Kari Knutslien](#).

Brev med innspel og merknader frå Hjalmar Brekke og Kari Knutslien vert sendt inn i dag, med vanleg post.

Det viser seg at den korte fristen vart eit problem for mange av dei som er berørt av planforslaget.

Pga offshore jobb, eksamen, sjukehusopphald, ferie mm er det fleire som ikkje kan levere innspel/merknader til 30.04.2015.

Dette vart teke opp på møtet og vi fekk opplyst at det ville vere romslighet mht merknader som kom inn nokre dagar etter fristen.

Det kjem fleire innspel og merknader frå dei andre som er berørte dei nærmaste dagane.

På innspel/merknader frå [Inger og Hjalmar Brekke i Eidavegen 536\(Gnr 233/61 og 234/63\)](#) har også [Kari Knutslien i Eidavegen 550\(Gnr234/76\)](#) skreve under.

Dei andre jobbar med og sender inn eige skriv, samla eller kvar for seg.

Vennlig hilsen

Margareth Brekke

Rådgiver - IT

BKK AS | Postboks 7050, 5020 Bergen | T: +47 55127567 | M: +47 90663108 | www.bkk.no

Fra: Ola Klyve Dalland [<mailto:Ola@abo-ark.no>]
Sendt: 28. april 2015 15:58
Til: Brekke Margareth
Kopi: julie.daling@lindas.kommune.no
Emne: SV: Ber om utsetjing av frist for merknader

Hei

Har ikkje fått tak i Lindås kommune og fått bekrefte utsetting av frist, men reknar med det går bra om me får merknaden innan 07.05.2015.

Vennlig hilsen
Ola Klyve Dalland
90021198



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

ola@abo-ark.no
www.abo-ark.no

Fra: Brekke Margareth [<mailto:Margareth.Brekke@bkk.no>]

Sendt: 27. april 2015 09:23

Til: Offentlig Ettersyn ABO-ARK; Ola Klyve Dalland

Emne: Ber om utsetjing av frist for merknader

Hei!

Viser til informasjonsmøte på Ostereidet 21.04.2015, ifbm områdeplan for Ostereidet senter.

På møtet vart det påpeika at frist for innspel/merknader til planen var svært kort, berre 9 dagar.

Dette er svært kort frist, spesielt sidan møtet var så dårleg annonsert og få av bygdefolket hadde møtt opp.

Frist for merknader var sett til 30.04.2015, men på møtet sa Arnold Matre at innspel/merknader som kom inn seinare også ville bli teke med.

Vi ber om utvida frist til 7. mai, 2015, for å kunne vurdere og komme med innspel og merknader. Det var fleire av dei berørte som ikkje var på møtet, men som vil komme med innspel/merknader.

Ber om bekreftelse på at vi har fått utsett fristen(skriftleg).

På vegne av Inger og Hjalmar Brekke(mine foreldre)

Vennlig hilsen

Margareth Brekke

Rådgiver - IT

BKK AS | Postboks 7050, 5020 Bergen | T: +47 55127567 | M: +47 90663108 | www.bkk.no

This message and any attachment is intended for the person(s) named above only. It may contain information that is confidential or legally privileged. If you have received this communication in error, please erase all copies of the message and its attachments and notify us immediately. Thank You.

This footnote confirms that the email and attachment(s) has been swept by our anti-virus solution for the presence of known computer viruses.

This message and any attachment is intended for the person(s) named above only. It may contain information that is confidential or legally privileged. If you have received this communication in error, please erase all copies of the message and its attachments and notify us immediately. Thank You.

This footnote confirms that the email and attachment(s) has been swept by our anti-virus solution for the presence of known computer viruses.

Inger og Hjalmar Brekke
Eidavegen 536
5993 Ostereidet
Vi bur i 233/61 og 234/63/0.
(M.fl, sjå også postlagt brev)

30.04.2015

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 Os

Varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet sentrum, Lindås Kommune, gnr/bnr 234/6, 68, 77 m.fl.

Viser til informasjonsmøte på Ostereidet 21.04.2015, der planarforslaget vart presentert.

Innspel og merknad.

- Vi ser behovet for utbetring av dagens FV393 og er positive til dette.
- Vi er også positive til ei moderat utbygging av boligar i området og ei oppgradering til eit betre Ostereidet senter, med utvida service- og tenestetilbod.

På informasjonsmøtet fekk vi høyre at :

«Ostereidet sentrum skal bli det finaste i Nordhordland, vere godt synleg frå E39 og vere attraktiv for eit mellombels stopp for dei som fer forbi».

Kva med oss som allereie bur på Ostereidet, vi som grensar opp mot senteret frå aust, skal ikkje Ostereidet senter bli attraktivt for oss også?

Planen omfattar 200 nye bustader i form av høghus/blokkbebyggelse, med over 10 m høge bygg. Dette bryt med eksisterande bebyggelse og står i sterk kontrast til kulturlandskapet for øvrig.

Slik planen vart framlagd vil eksisterande bebyggelse som grensar opp frå aust få fleire høghus på langt over 10 m tett inntil einbustadane.

I tillegg kjem ein sterk trafikkauke/trafikkstøy pga 200 nye bustader og annan trafikk til/frå senteret.

Vi bur i 233/61 og 234/63/0.

For oss er dette heilt uakseptabelt , det vil føre til ein betydeleg forringelse av boligstandarden og redusere verdien av eigedommane våre.

Høghus og bustadblokker i dette området står i sterk kontrast til eksisterande bebyggelse.

Det framgår ikkje av planteikningane kva kote-høgde blokkene skal ligge på men ABO opplyser at 1. etg. for bustadblokkene i aust vil ligge i samme plan(gateplan) som REMA1000 i dag.

Det betyr at vi kan få store og ruvande bygg, det største minst 10 (*) meter høgt og svært langt (> 50 m?) tett inntil einebustadaene i aust.

På planen er det teikna inn 3 slike bygningar på 234/77 med parkeringsrom under(dvs i gateplan med noverande FV393).

Fleire slike høge bustadblokker på den steinsatte myra (234/77) vil framstå som ein «vegg» mot vest for dei bustadane som grensar opp mot dette frå aust.

Dei vil ta utsikt og sol frå hagane/uteplassane våre og vil forringe boligstandarden og verdien av eigedommer våre, i stor grad.

Hovedetasje/terrasse på einebustaden (233/61/0) ligg på kote 95. På kartet ser det ut til at gateplan for REMA1000 (234/68/0) ligg noko høgare enn 233/61/0, Inger og Hjalmar Brekke.

Vi etterlyser eit vertikalt snitt som viser konsekvenser planforslaget har for tap av utsikt og sol for eigedom 233/61/0 (234/63/0) til Inger og Hjalmar Brekke.

Redusere byggehøgda til 1 etg over parkeringsrommet!

Vi krev at planen vert endra, slik at det vert bygd kun 1 etasje over parkeringsrommet på den steinsatte myra (234/77/0).

Kloakk frå gnr/bnr 233/61/, 234/63/0 går under FV 393 Eidavegen ned gjennom 234/77/0, 234/71/0, og 234/1/0 og 234/6/0(?). Dette må det takast omsyn til.

Auka trafikk/trafikkstøy.

Den framlagde planen, med bl.a. 200 nye bustader, vil føre til ein sterk auke i trafikken med auka trafikkstøy for oss som bur tett inntil FV393 dersom hoved-tilkomst til området er planlagt å gå forbi her. Dette vil også føre til ulempe og forringe boligstandarden.

Vi ber om at plangruppa og Lindås kommune/utbyggjarar også må ta omsyn til eksisterande bebyggelse slik at «Ostereidet sentrum skal bli det finaste i Nordhordland, vere godt synleg frå FV393 og vere attraktivt

- **også for eksisterande busetnad og eigedommar som grensar opp mot senteret.»**

Helsing

Inger Brekke og Hjalmar Brekke

Kari Knutslien Eidavegen 550, (Gnr. 234/76)

(*) Ein etasje er ca 3 m høg. Parkeringsanlegg, 3 etasjer pluss tak blir då ca 12-15 m